



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: 17/1212-235

Vår dato: 08.06.2018

Vår ref.: 2017/6935

Arkivnr.: 311

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Tilråding til søknad om justering av kommunegrensa mellom Finnøy ("Nye Stavanger") og Hjelmeland – på øya Ombo

**Fylkesmannen tilrår at kommunegrensa på Ombo mellom Finnøy og Hjelmeland blir som i dag. Grunngevinga er innbyggjarinitiativet frå Hjelmelandssida av Ombo, dagsett 18.8.2017, som 52 av 55 aktuelle innbyggjarar står bak, og den breie støtta dette har fått i Hjelmeland kommunestyre.**

Fylkesmannen viser til departementet sitt brev av 2.5.2018 der vi blir bedne om å utgreie justering av grensa mellom Finnøy og Hjelmeland kommunar på øya Ombo. Departementet ber om at utgreiinga med tilrådinga frå Fylkesmannen blir sendt departementet seinast 8. juni.

Vi vil nedanfor gå gjennom bakgrunnen for saka og faktaopplysningar som i det vesentlege er innhenta frå kommunane det gjeld.

### Bakgrunn

#### Historisk utgangspunkt

(Utdrag frå Finnøy kommune si saksframstilling av 19.2.2018:)

"Øya Ombo har ei lang historie kva gjeld kommunetilhøyrse og deling av øya, heilt tilbake til dei fyrste skriftlege kjeldene som er tilgjengelege. Øya har vore delt i to eller tre delar og avspelgar ei tid då sjøfarten og fjorden var det som batt saman områda. Grensene vart endra fleire gonger opp gjennom åra. Den gjeldande delinga går tilbake til nyteikninga av kommunekartet for Rogaland i 1965, der Ombo er delt mellom Finnøy og Hjelmeland. Den søraustre delen høyrer til Hjelmeland, medan resten av Ombo høyrer til Finnøy. Spørsmålet om kommunegrensa på Ombo var oppe i 2011, med rådgjevande folkerøysting på øya. Folkerøystinga viste eit klart fleirtal (75 %) for å samle Ombo i ein kommune. Det var òg eit fleirtal for å leggje heile øya til Hjelmeland, men eit fleirtal av innbyggjarane på Finnøysida av Ombo ønskte å høyre til Finnøy. På den bakgrunn vedtok kommunestyret i Finnøy at prosessen med å samle Ombo i ein kommune burde stoppe opp, og at kommunegrensa over Ombo inntil vidare burde liggje fast (KS-065/11). Hjelmeland kommune var positive til å leggje Finnøy-delen av Ombo til Hjelmeland (KST-072/11), men gjekk ikkje vidare med saka etter Finnøy kommunestyre sitt vedtak.

Saka vart tatt opp igjen i 2016 som følgje av kommunereforma, der også grensejusteringar skulle vurderast. I tråd med inndelingslova § 10 vart det hausten 2016 gjennomført ei innbyggjarundersøking av ein ekstern aktør – Opinion AS."

### Behandlinga av det aktuelle spørsmålet om grensejustering

Kommunestyra i Finnøy og Hjelmeland gjorde 14.12.2016 følgjande vedtak:

- 1. Kommunestyret viser til kommunereformprosessen og tilråding frå fylkesmannen vedk. grensejustering på Ombo.*
- 2. Kommunestyret meiner at øya Ombo som i dag er delt mellom Finnøy kommune og Hjelmeland kommune, bør samlast i ein kommune. Kommunegrensa går på tvers av ei øy og eitt lokalsamfunn som elles naturleg høyre saman. Kommunestyret legg vekt på at innbyggjarundersøkinga viser at 92 % av innbyggjarane ynskjer at Ombo vert samla i ein kommune.*
- 3. Kommunestyret meiner at Ombo bør vera ein del av «Nye Stavanger kommune». Kommunestyret legg vekt på at innbyggjarundersøkinga viser at 73 % av innbyggjarane ynskjer at Ombo skal høyre til «Nye Stavanger».*
- 4. Kommunestyret vedtek, på bakgrunn av punkt 1 og 2, å be nasjonale myndigheiter om å gjennomføre grensejustering på Ombo, slik at heile øya Ombo går med Finnøy kommune inn i «Nye Stavanger kommune». Grensejusteringa bør skje samstundes med etableringa av «Nye Stavanger».*
- 5. Vedtaket vert oversendt fylkesmannen for vidare handsaming.*

Finnøy sitt vedtak var samrøystes.

Hjelmeland kommune sitt vedtak vart gjort med 11 mot 8 røyster.

Mindretalet sette fram følgjande forslag:

"Til erstatning for framlegget frå formannskapet pkt. 2, 3 og 4: Med grunnlag i at fleire innbyggjarar ikkje fekk vera med i undersøkinga som har vore sjølv om dei har vore lova det, og eit stort fleirtal av "hjelmelandsida" ynskjer å bli verande i Hjelmeland, må grensa på Ombo bli ståande."

Fylkesmannen tilrødde i brev til departementet av 16.12.2016, i samband med kommunereforma, følgjande:

#### "Ombo i Finnøy og Hjelmeland

Ombo er ei øy på 58 km<sup>2</sup> med 235 innbyggjarar. Det har i november 2016 vore innbyggjarundersøking på heile øya der alle over 16 år er kontakta, og det lykkast å få svar frå 71 % av dei aktuelle. 92 % av dei spurde har svart at dei ønskjer at heile Ombo skal vere samla i ein kommune. I den delen som ligg i Finnøy ønskjer 93 % å bli ein del av «Nye Stavanger», medan 74 % av dei som bur på Hjelmeland-sida ønskjer å gå til Hjelmeland. Samla sett ønskjer 73 % av dei som bur på Ombo å bli ein del av «Nye Stavanger».

Fylkesmannen har gitt råd om at Hjelmeland og Finnøy bør vurdere kommunestrukturen på Ombo i samband med kommunereforma. Vi tilrår grensejustering slik at heile Ombo blir samla i Finnøy kommune («Nye Stavanger»), i tråd med vedtak i Finnøy og Hjelmeland kommunestyre 14.12.2016."

Departementet bad i brev av 9.5.2017 om å få ei oversikt frå det einskilde fylket om initiativ til grensejustering som var stilt i bero i påvente av kommunereforma. I svarbrevet av 12.6.2017 uttaler Fylkesmannen bl.a.:

*" 5. Endring av grensa mellom Finnøy og Hjelmeland kommune. Øya Ombo. Kommunestyra har vedtatt at heile øya skal tilhøyre Finnøy kommune ("Nye Stavanger"). Når vi mottar eit kommunalt initiativ om slik grensejustering, er Fylkesmannen positiv til slik grensejustering."*

#### **Etter vedtaket i Stortinget 8. juni 2017 om kommunereforma er situasjonen endra:**

Fylkesmannen skreiv 15.6.2017 brev til Finnøy og Hjelmeland kommunar om framgangsmåten ved innsending av søknad om grensejustering på Ombo. Kommunane blei bedne om å sende inn eit felles brev til Fylkesmannen kor det blei søkt om utgreiing og vedtak om grensejustering med heimel i inndelingslova. Brevet skulle innehalde ein del faktiske opplysningar.

Hjelmeland kommune opplyste i brev til Fylkesmannen av 23.8.2017 at dei har mottatt brev frå innbyggjarane på Hjelmelandsida av Ombo, datert 18.8.2017, der dei ber om at saka om grensejustering blir tatt opp på nytt. Kommunen ønskte på denne bakgrunn å stille grensejusteringssaka i bero inntil formannskapet og eventuelt kommunestyret hadde tatt stilling til innbyggjarane sitt initiativ.

Brevet av 18.8.2017 frå 52 innbyggjarar på Hjelmelandsida av Ombo inneheld følgjande hovudpunkt.

- Kommunereforma har endra seg. Det er ikkje lenger aktuelt for Hjelmeland å slå seg saman med Strand. Innbyggjarane på Hjelmelandsida av Ombo føler ei nærare tilknytning til Hjelmeland som nå skal bestå som eigen kommune. Innbyggjarane var informert om at grenseendringa skulle skje i samband med kommunereforma. Nå skal grensejusteringa behandlast som ei eiga sak. Kommunegrensa i på Ombo burde aldri vore diskutert før kommunestrukturen i Ryfylke var på plass.
- Avstemminga blei gjennomført som innbyggjarundersøking og ikkje gjennom folkerøysting. Alle innbyggjarane blei ikkje høyrte. Fleire har òg reagert på måten spørsmålene blei lagt fram.
- "Vi ønsker omkamp for Hjelmelandsdelen av Ombo slik at den blir som i dag. Kommunegrensen må opprettholdes. Nesten alle avgitte stemmer i Finnøydelen var for Stavanger og dette må respekteres."

Hjelmeland kommunestyre gjorde 27.9.2017 følgjande vedtak:

*"Hjelmeland kommune har motteke eit brev frå innbyggjarane på Hjelmeland si side av Ombo. Brevet er eit innbyggjarinitiativ, der 52 av totalt 55 stemmeberettiget personar på Hjelmelandsida vil tilhøyre Hjelmeland også i framtida. Dette syner eit stort engasjement som Hjelmeland kommunestyre tek alvorleg.*

*Punkt 1. Hjelmeland kommunestyre tilrår sentrale styresmakter at Hjelmelandsida av Ombo forblir i Hjelmeland kommune som i dag.*

*Punkt 2. Hjelmeland kommune ønsker i tillegg, om det er vilje til dette, å gi tilbod om at heile Ombo kan bli ein del av Hjelmeland kommune."*

Vedtaket blei gjort med 10 mot 9 røyster. Det var likevel berre 5 av mindretalet som røysta for å halde fast på kommunen sitt vedtak om grensejustering av 19.12.2016. Eit mindretal på 4 stemte for følgjande forslag:

*"Etter å ha motteke brev kor Hjelmeland kommune sine innbyggjarar på Ombo ber om fortsatt å få tilhøyra Hjelmeland, vedtar Hjelmeland kommunestyre å tilrå sentrale styresmakter å avslutta prosessen med grensejusteringar på Ombo og at kommunegrensene fortsett som i dag."*

Fylkesmannen sende 29.9.2017 brev til Finnøy kommune kor det bl.a. framgår følgjande:

*"Fylkesmannen har blitt orientert om at Hjelmeland kommunestyre i møte 27.9.2017 har endra standpunkt til spørsmålet om grensejustering på Ombo, slik at kommunen ikkje lenger ønsker at Hjelmeland sin del av øya skal overførast til Finnøy og seinare bli ein del av "Nye Stavanger".*

*Det er på denne bakgrunn ønskeleg at Finnøy kommune tek stilling til om det er aktuelt å halde fast på initiativet til ei slik grensejustering, jf. reglane om initiativrett i inndelingslova § 8.*

*Vi viser i denne samanhengen òg til at kommunestyret i Hjelmeland i vedtak av 29.9.2017 i pkt. 2 har ønskt "å gi tilbod" om ei alternativ løysing der heile Ombo blir overført til Hjelmeland kommune. Fylkesmannen oppfattar ikkje at det med dette er framsett eit sjølvstendig initiativ etter inndelingslova om ei slik løysing. Det kan likevel vere av interesse for Fylkesmannen å få vite korleis Finnøy kommune stiller seg til dette utspelet frå Hjelmeland kommune."*

Finnøy kommune gjorde nytt vedtak i saka 13.12.2017 med slik ordlyd:

*"Kommunestyret ønskjer at Ombo vert samla i ein kommune, og står difor fast på vedtak KS-083/16 om initiativ til grensejustering der Hjelmeland-delen av Ombo vert overført til Nye Stavanger kommune frå 01.01.2020. Saka vert sendt vidare til Fylkesmannen med søknad om utgreiing og vedtak om grensejustering med heimel i inndelingslova. Kommunestyret ber om at Fylkesmannen førebur og oversende saka til departementet for avgjerd. Kommunestyret presiserer at både Hjelmeland og Finnøy kommune, i tillegg til grendeutvalet på Ombo godkjente utforminga av innbyggjarundersøkinga som vart gjort."*

Finnøy kommune sende 19.2.2018 inn søknad om grensejustering som inneheldt ein del faktiske opplysningar.

Fylkesmannen bad i brev til KMD av 21.2.2018 om at departementet tok stilling til spørsmålet om det skulle settast i gang utgreiing på grunnlag av initiativet frå Finnøy kommune, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

Fellesnemnda for "Nye Stavanger" traff 21.3.2018 følgjande vedtak:

*«Fellesnemnda viser til søknad om grensejustering på Ombo i brev datert 19.02.2018 fra Finnøy kommune til Fylkesmannen i Rogaland. Fellesnemnda stiller seg bak søknad om utredning og vedtak om grensejustering på Ombo Dette er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunene i Nye Stavanger og sentrale mål i inndelingsloven og kommunereformen.»*

I brev frå KMD av 2.5.2017 heiter det bl.a.:

*"Departementet meiner det bør gjennomførast ei mindre utgreiing. Departementet meiner at innbyggjarane er tilstrekkeleg høyrde i saka, jf. den omfattande innbyggjarundersøkinga gjennomført av Opinion i november 2016, samt brevet frå eit stort fleirtal (52 av 74, 55 røysteføre) av innbyggjarane i Hjelmeland-delen av øya som stadfestar at dei framleis vil tilhøyre Hjelmeland kommune."*

## **Fakta grunnlag**

Fakta grunnlaget er utarbeidd på bakgrunn av brev frå Finnøy kommune av 12.5.2018 og brev frå Hjelmeland kommune av 4.6.2018, samt øvrige dokument i saka.

### Geografi, innbyggjartal og naturtilhøve

- Ombo er den største øya i Ryfylke, delt mellom Hjelmeland og Finnøy kommunar. Rundt Ombo ligg Ombofjorden i aust, Gardssundfjorden i sør, Vestre Ombofjorden i vest og Jelsafjorden i nord. For å komme til Ombo er ein avhengig av ferje eller hurtigbåt til kaiene ved Eidssund (Finnøy kommune) eller Skipavik (Hjelmeland kommune).
- Samla innbyggjartal per 01.01.2018 er 240 personar, der 162 av desse bur i Finnøy kommune, og 78 personar bur i Hjelmeland kommune.
- Samla areal er 57,52 km<sup>2</sup>. Av dette er 36,46 km<sup>2</sup> tilhøyrande Finnøy kommune, medan 22,74 km<sup>2</sup> høyrer til Hjelmeland kommune.
- Indre del av Ombo er dekkja av furuskog, mens det også er rike lauvskogar. Øya har fleire store vatn, og eit rikt dyreliv, med hjort og rådyr. Naturen på Ombo er særst variert, "eit Noreg i miniatyr", veileigna og mykje brukt til friluftsliv og rekreasjon.

### Kommunikasjonar og pendling

- Det går ferje til Eidssund frå Judaberg, Halsnøy, Helgøy, Nord-Hidle, Nedstrand, Hebnes, Foldøy og Jelsa 18 gonger dagleg, og hurtigbåt med anløp 13 gonger dagleg.
- Ferja frå Skipavik på Ombo til Hjelmeland eller Nesvik gjer at innbyggjarane på Ombo har tilknytting til riksveg 13 og nasjonal turistveg Ryfylke. Dette er viktig for utviklinga av Ombo som reiselivsdestinasjon. Riksveg 13 gir gode reismogleheiter med Skipavik som utgangspunkt. Ferja mellom Hjelmeland, Ombo og Nesvik har 11 anløp av Ombo per dag. Alle anløpa går til og frå kommunesenteret. Det er også mogleg å reise frå Skipavik med hurtigbåt mot Stavanger eller Hjelmeland.
- Kolumbus opplyser om at det i løpet av 2017 var 8 266 registrerte påstigande på hurtigbåtane med anløp frå Eidssund, og 350 påstigande frå Skipavik. Dette gjeld berre transport med hurtigbåtane. Ein har ikkje lukkast å finne reisetel frå ferjene.
- Det meste av pendlinga frå Ombo går sørover til Finnøy sitt kommunesenter på Judaberg og Stavanger. Omlag 35-40 innbyggjarar på Ombo pendlar sørover mot Judaberg kvar dag og mange av desse pendlar vidare mot Stavanger. Frå Hjelmelandssida av Ombo pendlar 10 personar via Hjelmeland. Ombo er ein del av både Hjelmeland og Finnøy sitt bu- og

arbeidsområde, samtidig som det er pendling mot Stavanger og Jæren via Finnøy, og mot Strand via Hjelmeland. Pendlemønsteret kan endra seg med ferdigstillinga av Ryfast og bygging av Årdalstunnel.

### Skule, barnehage og fritidsaktivitetar m.v.

- På Judaberg deltek borna frå Ombo i fritidsaktivitetar og er elever ved Finnøy musikk- og kulturskule. I tillegg er det avsett ein ettermiddag kvar veke til at familiar på Ombo kan nytte svømmehallen på Judaberg. Borna frå Ombo reiser også til Hjelmeland for å delta på fritidsaktivitetar. Kommunane er einige om at tilbod i kulturskulen vert gitt av Finnøy. Per dato er det ingen elevar frå Hjelmeland i Finnøy kulturskule.

Elevar frå Ombo deltek òg i fritidsaktivitetar på Hjelmeland, særleg gjeld dette elevar på ungdomsskulen. Elevane i barneskulen får ein del fritidstilbod på Ombo.

- Når det kjem til kommunalt tenestetilbod har Ombo felles oppvekstsenter på Eidsund med barnehage, skule og SFO. I barnehagen er det 13 born, og i skulen er det 16 elevar. Av desse bur nær 60 % av elevane i Hjelmeland kommune, mens dei resterande 40 % bur i Finnøy kommune.
- Finnøy og Hjelmeland kommunar har inngått ein samarbeidsavtale for finansiering av oppvekstsenteret, der Finnøy kommune driftar oppvekstsenteret. Elevane ved oppvekstsenteret startar på ungdomsskule i sin "heimkommune".

Rådmannen i Hjelmeland uttalar følgjande:

«Oppvekstsenteret på Eidsund er felles for både Finnøysida og Hjelmelandssida. Skulen er drifta av Finnøy kommune. I utgangspunktet var årsaka til felles drift av skulen at Vestersjø skule på Hjelmelandsida brann ned på -90 tallet. At skulen vart lagt til Eidsund hadde det samanheng med at det var flest born frå Finnøy som gjekk på skulen den gongen. I tillegg vart det etablert butikk på Eidsund, slik fekk ein samla fleire funksjonar. Talet på born ved oppvekstsenteret har variert ein del og per dato er det flest born frå Hjelmelandssida. Hjelmeland kommune deltek økonomisk på linje med Finnøy. Sjølv om det har vore ein del utfordringar med drift av skulen dei siste åra, har me i Hjelmeland stort sett vore nøgd med måten skulen har vore drevet på. Frå hausten 2018 vil det ikkje vera mellomtrinn på skulen. Aktuelle elevar har søkt seg over til større skular i kommunesentera.»

- Ombo har ein butikk, grendehus med aktivt bygderåd, ei kyrkje, men to kyrkjekrinsar.

### Helsetenester

- Av helsetenester nyttar innbyggjarane på Ombo lege og helsetenester i den kommunen dei er busett i, medan elevane frå skulealder nyttar helsesystem frå Finnøy som er knytt til oppvekstsenteret. Barn med særlege behov får oppfølging ifrå bustadkommunen òg i skulealder.

Det er ikkje samarbeid mellom kommunane om heimehjelp/heimesjukepleie. Kvar kommune betener sine innbyggjarar.

### Bustadbygging og næring

- Ombo er i stadig utvikling. Dei siste åra er det bygd om lag eitt hus årleg. Det er også eit

kommunalt bustadfelt – Møllelia i Finnøy kommune.

- Det er to delvis utbygde reiselivsbygg i Finnøy-delen av Ombo, og eitt utbygd reiselivsbygg i Hjelmelandsdelen av Ombo.
- Av næringsverksemd er det fleire gardsbruk mellom anna fire mjølkeprodusentar, to hønsesus med til saman 15 000 høns, 3 pelsdyroppdrett, frukt, bær og tomatproduksjon og blomstergartneri. Det er også aktive yrkesfiskarar.
- Arealet på Hjelmeland si side av Ombo er godt utnytta til landbruk med drift på seks gardsbruk. Desse driftar tilsaman 1242 dekar landbruksjord. (Noko av dette er leid jord på Finnøy sida). Det er to mjølkebruk, produksjon av kjøttfe, sauekjøt og egg. Det er og produksjon av juletre.
- I sjøarealet utanfor Ombo er det fem oppdrettslokalitetar for laks- og aurefisk med maksimalt tillat biomasse på 18 900 tonn og ein godkjent oppdrettslokalitet for skjell. Tre av lokalitetane ligg i Finnøy kommune, ein er delt mellom dei to kommunane, og ein ligg i
- Rådmannen i Hjelmeland uttalar følgjande:  
"Når det gjeld havbruksnæring er det på i Hjelmelandsdelen av Ombo fem klargjorte område for oppdrett, to av desse er i drift. Det er gitt konsesjonar for oppdrett av både kvitfisk og hummar som enno ikkje er etablert."

### **Avstander og reisetid**

Avstand og reisetidene kan variere etter transportmiddel og rute.

*Eidssund – Judaberg*, avstand 11 km, ferje, ni avg. 30 min. og 5 avg. 45 min., hurtigbåt, 8 avg. kvar retning 15 min

*Eidssund – Stavanger*, avstand 50 km, ferje/bil 63 min., hurtigbåt 50 min.

*Skipavik – Hjelmeland*, avstand 7 km, ferje 17 eller 28 min.

*Skipavik – Stavanger (om Tau)*, avstand 68,5 km ferje/bil/ferje ca. 100 min. (ferje/buss lengre tid)  
Frå Hjelmeland det er fem avgangar med buss til og frå Tau per dag.

Ved opninga av Ryfast og etter kvart planlagt Årdalstunnel, vil reisetida til Stavanger om Tau bli betydeleg redusert, kanskje med så mykje som 30 – 40 minutt.

Hurtigbåt til Hjelmeland frå Ombo er lagt opp slik at det passer for dagpendlarar. At dette ikkje er betre, heng saman med hurtigbåtane sitt rutemønster i fjorden og trongen om godt rutetilbod til alle øyane som ikkje har fastlandssamband i Finnøyfjorden.

For dei som bur på Hjelmelandssida av Ombo, er reisetida til Judaberg i Finnøy, bli på rundt 40 – 50 minutt (når ferja går direkte til Judaberg). Til Hjelmeland sentrum vil reisetida bli 20 til 30 minutt (når ferja går direkte).

Avstanden mellom Skipavik og Eidssund på Ombo er 12,8 km, som gir litt meir enn 15 min. køyretid.

## Utdrag frå intensjonsavtalen mellom Finnøy, Rennesøy og Stavanger kommunar ("Nye Stavanger")

### "Lokaldemokrati og politisk styring"

*"1. I en ny kommune skal Finnøy og Rennesøy ha egne kommunedelsutvalg med 11 medlemmer."*

### "Tjenester og lokalisering"

- 1. Nærhetsprinsippet skal ligge til grunn for tjenestetilbudet i den nye kommunen. Det betyr at innbyggerne i nåværende Finnøy og Rennesøy kommuner fortsatt skal ha kort vei til de viktigste tjenestene som barnehage, skole, helsestasjon, sykehjem, lege og idrett-, kultur- og fritidsaktiviteter. Innbyggerne skal i prinsippet ha valgfrihet innenfor hele kommunen.*
- 2. Det skal være Servicekontor på Judaberg og Vikevåg. På Servicekontoret skal innbyggerne få informasjon, veiledning og annen service. Det skal vurderes å også legge enkelte publikumsnære tjenester/førstelinjetjenester til Servicekontoret, for eksempel innen plan- og byggesak, landbruk og NAV.*
- 3. Innbyggerne i Rennesøy og Finnøy skal ha en legevaktstjeneste med minst like godt tilbud som i dag og som sikrer alle innbyggerne fortsatt trygghet for rask og effektiv hjelp og behandling. Dagens båtbaserte legevaksamarbeid mellom Rennesøy, Finnøy, Hjelmeland og Kvitsøy skal videreføres og videreutvikles, men koordineres med legevaktstjenesten i hele den nye kommunen.*
- 4. Ryfylke legevakt har i dag ingen base. Partene er enige om at denne ordningen bør styrkes, og at det blir gjennomført en faglig utredning med kommunesenteret i Vikevåg som framtidig base. Det skal legges til grunn at de som bor på de ikkje landfaste øyene i Finnøy får møte lege på Judaberg eller legebåt døgnet rundt, på legekantor eller en vaktlege etter kontortid. Dersom en eller fleire av dagens deltakere i legevaksamarbeidet trekker seg, må organisatorisk og faglig organisering vurderes på nytt."*

## **Interkommunalt samarbeid**

Fylkesmannen vil nedanfor omtale einskilde hovudområde knytt til interkommunalt samarbeid mellom Hjelmeland og Finnøy.

**Renovasjon:** Ryfylke Miljøverk IKS er eit interkommunalt selskap som har ansvar for renovasjonstenesta i Finnøy og Hjelmeland. Finnøy kommune har inngått samarbeid med Renovasjonen IKS frå mai 2018.

**Vann og avløp:** Finnøy kommune og Hjelmeland er med i IVAR IKS i dag. Dette samarbeidet vil fortsette etter 2020. Nærare detaljer er ikkje avklart.

**Brann:** Finnøy, Rennesøy og Stavanger er med i Rogaland Brann og Redning IKS. Hjelmeland kommune er ikkje med i dette samarbeidet.

**Barnevern:** Randaberg er i dag vertskommune for Finnøy og Rennesøy. Hjelmeland inngår ikkje i dette samarbeidet. Barnevernstenesta vil frå 2020 inngå i "Nye Stavanger".



**Legevakt:** Finnøy, Hjelmeland og Rennesøy kommunar har eit vertskommunesamarbeid for drift av legevaktsentral med Stavanger kommune. Dette samarbeidet vil fortsette mellom Hjelmeland og "Nye Stavanger". Nærare detaljar i det nye samarbeidet er ikkje avklart.

**PP-teneste:** Det er i dag eit samarbeid om PP-teneste mellom Hjelmeland og Finnøy kommune og fleire andre ryfylkekommunar. Finnøy kommune går ut av dette samarbeidet og har tenesta i "Nye Stavanger" frå 2020.

**Skule:** Finnøy og Hjelmeland kommunar har inngått ein samarbeidsavtale for finansiering av oppvekstsenteret, der Finnøy kommune driftar oppvekstsenteret. Elevane ved oppvekstsenteret startar på ungdomsskule i sin "heimkommune". Det er forventat at Hjelmeland kommunen kan få ein tilsvarende avtale med "Nye Stavanger" dersom grensejusteringa ikkje blir gjennomført.

**Heimehjelp og heimesjukepleie:** Det eksisterer ikkje noko samarbeid mellom Finnøy og Hjelmeland kommune på dette feltet i dag, og Fylkesmannen kjenner heller ikkje til planar om slikt samarbeid etter 2020.

### **Fylkesmannen si vurdering og tilråding**

Departementet har i brev av 2.5.2018 bedt om at Fylkesmannen gjer ei mindre utgreiing, jf. inndelingslova (inndl.) § 9.

Slik Fylkesmannen ser det kan saka få tre ulike utfall:

1. Grensa på Ombo mellom Finnøy/"Nye Stavanger" og Hjelmeland blir oppretthalden som i dag.
2. Grensejustering slik at den delen av øya Ombo som høyrer til Hjelmeland blir overført til Finnøy kommune/"Nye Stavanger", i samsvar med initiativ frå Finnøy kommune etter inndl. § 8 første ledd.
3. Grensejustering slik at den delen av Ombo som høyrer til Finnøy blir overført til Hjelmeland kommune ". Det er ikkje tatt initiativ til ei slik løysing frå nokon av kommunane, sjølv om Hjelmeland kommunestyre har stilt seg positiv til ei slik løysing dersom Finnøy kommune ønsker dette. Fylkesmannen viser i denne samanhengen til at departementet etter inndl. § 8 tredje ledd på eige initiativ kan utgreie spørsmål om grenseendring.

### Er det hensiktsmessig at øya Ombo høyrer til same kommune?

Det går fram av dei innhenta opplysningane og kommunane sine vedtak, at Ombo i dag fungerer som eitt lokalsamfunn som naturleg høyrer saman. Innbyggjarane har felles skule og grendahus og felles aktivt bygderåd. Kommunikasjonsløysingane er felles for innbyggjarane, dei nyttar ferje- og hurtigbåttilbodet både frå Eidssund og Skipavåg.

Øya har eit godt skuletilbod, sjølv om dette føreset ein samarbeidsavtale mellom kommunane. Utfallet av grensespørsmålet vil ikkje ha innverknad på dette. Dersom grensa blir endra, vil elevane kunne fortsette på same ungdomsskule, slik at dei ikkje lenger må reise til kvar sin kommune.

Ulempene ved at øya er delt mellom to kommunar vil bli forsterka ved at Finnøy nå blir del av "Nye Stavanger" og i mindre omfang vil vere omfatta av samarbeid med andre ryfylkekommunar. Vi viser til at samarbeid om PP-tenesta og renovasjonsordninga vil ta slutt ved opprettinga av ny Stavanger.

Fylkesmannen vil vidare peike på at det i dag manglar samarbeidsløysingar på viktige område som heimehjelp, heimesjukepleie og barnevern. Grensejustering vil kunne gi ei meir rasjonell drift på desse områda.

Det er ei positiv utvikling i Ryfylke, og også på Ombo, når det gjeld naturbasert næringsutvikling. Dette gjeld m.a. satsing på frukt/bær og reiseliv. Eit samla utviklingsmiljø for øya vil vere positivt, same forvaltningsregime vil vere ein fordel.

Rådmannen i Hjelmeland har i brev av 4.6. 2018 bl.a. understreka: "For Ombodelen av Hjelmeland er det slik at kommunikasjonar og avstand gjer at kommunal tenesteproduksjon framleis kan bli gjort på ein god måte innanfor gjeldande kommunegrense."

### Vekting av frivilligprinsippet

Det skal i grensejusteringssaker leggst stor vekt på kva innbyggerane sjølv ønsker. Spørsmålet kjem på spissen i den aktuelle saka ved at det finst to innbyggargrupper som har ulike ønske.

Innbyggerane på Finnøy-sida av Ombo ønsker ifølge innbyggerundersøkinga med stort fleirtal at øya skal samlast i ein kommune og at den skal høyre til "Nye Stavanger".

Eit stort fleirtal av innbyggerane på Hjelmeland-sida av Ombo meinte etter innbyggerundersøkinga at Ombo burde samlast i ein kommune, men det var fleirtal for at øya skulle høyre til Hjelmeland. Det er i dag ikkje fleirtal på Hjelmeland-sida av Ombo at øya skal høyre til same kommune, der viser innbygger-initiativet at grensa skal bli som i dag.

Det må likevel framleis kunne leggst til grunn at det er eit fleirtal blant innbyggerane på Ombo samla sett, som ønsker at øya skal høyre til same kommune, "Nye Stavanger".

### Fylkesmannen si tilråding

Øya Ombo vil vere i utkanten av "Nye Stavanger" samstundes som den ligg nær kommunesenteret i Hjelmeland kommune. Eit fleirtal av innbyggerane synest å ha nærare tilknytning til Finnøy. Det går fram av intensjonsavtalen for "Nye Stavanger" at fleire kommunale tenester framleis vil vere tilgjengelege på Judaberg i Finnøy kommune, slik at ein slepp å reise til Stavanger for å få utført desse.

Det kan gi meir rasjonell drift på nokre område om Ombo vert høyrande til *ein* kommune. Desse fordelane kan ein oppnå anten øya høyrer til "Nye Stavanger" eller Hjelmeland. Fylkesmannen vektlegg lokaldemokratiet, det initiativet innbyggerane på Hjelmelandssida har tatt, og den breie støtta initiativet har fått frå kommunestyret i Hjelmeland.

Utfrå dette vil Fylkesmannen tilrå at kommunegrensa på Ombo vert slik som i dag.

Saka blir sendt over til departementet til endeleg avgjerd. Kart vil bli ettersendt om nødvendig, når departementet har tatt endeleg stilling til saka.

Fylkesmannen har ikkje lagt tilrådinga fram for dei aktuelle kommunane. Vi føreset at kommunane gir sine merknader direkte til departementet.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Middelthon  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09  
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no

Vedlegg:  
Saksdokumenta

Kopi til:

Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	Rennesøy
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	Finnøy